

Undrar seg over vegstellet

31.07.2014



Vegen startar ved Friheim

**Ser at uskedalen.no skriv om kommunen sin veg;  
frå Snuplassen til Friheim  
og frå Friheim til Brustølen/Fjellandsbø.  
Eg hadde som kjent mange kontaktar med kommunen sist  
haust/vinter, om steinen som stikk opp i svingen før Friheim.**

Kommunen kom etterkvert og grov litt, la på singel/grus – og seinare har der vore lausgrus (som er farleg) i denne svingen.

Korleis det blir om vi får frost til vinteren lure eg på. Vil då steinen som stakk opp der ved førre frostperiode, bryte seg fram igjen?

Vil kommunen legge asfalt over lausgrusen, eller kva tenker dei vidare her i denne svingen.

Elles så strevde eg med mange e-postar til kommunen i fjor haust/vinter for å få dei til å sette opp brøytestikker. Desse kom etter langt om lenge – og dei står framleis (!), men no “på ein svai”.

Og dei vil då sjølvsagt ikkje gjere nytten sin komande vinter.

Fylket tok vekk vegstikkene på sine 7 km av dalavegen då våren kom (og som sjølvsagt er vanleg), men kommunen har latt sine stå i sommar.

Ein nabo tok i vår/sommar ned stikkene på deler av kommunevegen, og la dei i ein haug ved vegen – med tanke om at kommunen sjølvsagt ville kome og ta dei med seg.

Men det skjedde heller ikkje.

Desse stikkene ligg framleis ved vegen, og dei andre står framleis på ein svai.

Så vedlikehaldet / oppfølginga av vegstrekka til kommunen øvst i Uskedalen, kan ein jammen undra seg over.

Elles så burde også deler av dette vegstykket vore prioritert for autovern, då der er mange meter rett utføre og vegen er smal.

Foto og Nett: Ola Matti Mathisen

Tekst: Møyfrid Kristoffersen